
Saknr: 2020/45652-3
Saksbehandlar Eva Katrine Ritland Taule
Dato: 03.04.2020

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Stadfesting

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har stadfesta Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger som vart vedtatt av Hordaland Fylkesting 4. oktober 2017 og Rogaland Fylkesting 24. oktober 2017.

Planen har som hovudmål at kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar, og medverka til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling til beste for innbyggjarane og miljøet. Planen har mål , retningslinjer, planomtale og retningsgjevande plankart.

Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Bjørnafjorden, Etne, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, Tysnes, Ullensvang samt sjøareal i Vindafjord kommune i Rogaland.

Fem kommunar i planområdet hadde vesentlege innvendingar til planen etter § 8-4 i plan- og bygningsloven, og den vart i januar 2018 sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for endeleg avgjerd. Det var møte mellom politisk leiing i departementet, fylkeskommunen og dei aktuelle kommunane 9. mars 2018.

Departementet har gjort endringar i retningslinjene til planen. Dei går fram av vedlagt brev frå KMD datert 20.03.2020. Oppdaterte retningslinjer ligg også ved.